

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) 2015/1414****2018/EØS/39/04****av 20. august 2015****om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 136/2012 om godkjenning av natriumbisulfat som tilsetjingsstoff i fôrvarer for kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon(\*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje eller endre slik godkjenning.
- 2) Ved Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 136/2012<sup>(2)</sup> vart bruken av natriumbisulfat godkjend i ti år for kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon.
- 3) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om endring av bruksvilkåra. Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 4) Søknaden gjeld endring av bruksvilkåra for kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon, det vil seie ei endring av innhaldet av tilsetjingsstoff i fullfôret.
- 5) I fråsegna si av 22. mai 2014<sup>(3)</sup> slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik fast at det tidlegare innhaldet av natriumbisulfat som surleiksregulerande middel og som aromastoff under dei framlagde bruksvilkåra bør endrast som følgje av nye opplysningar.
- 6) Gjennomføringsforordning (EU) nr. 136/2012 bør endrast for å tillate bruk av natriumbisulfat under dei nye framlagde bruksvilkåra.
- 7) Vurderinga av natriumbisulfat viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av dette preparatet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegga til denne forordninga.
- 8) Ettersom ingen tryggleiksgrunnar tilseier at endringane i vilkåra for godkjenning må nyttast straks, bør det fastsetjast ein overgangsperiode, slik at dei partane det gjeld, kan førebu seg på dei nye krava som følgjer av godkjenninga.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Vedlegg I til gjennomføringsforordning (EU) nr. 136/2012 vert bytt ut med vedlegg I til denne forordninga.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 220 av 21.8.2015, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 43/2016 av 18. mars 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 66 av 19.10.2017, s. 5.

<sup>(1)</sup> TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

<sup>(2)</sup> Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 136/2012 av 16. februar 2012 om godkjenning av natriumbisulfat som tilsetjingsstoff i fôrvarer for kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon (EUT L 46 av 17.2.2012, s. 33).

<sup>(3)</sup> *EFSA Journal* 2014; 12(6):3731.

*Artikkel 2*

Vedlegg II til gjennomføringsforordning (EU) nr. 136/2012 vert bytt ut med vedlegg II til denne forordninga.

*Artikkel 3*

Det stoffet som er oppførte i vedlegget, og fôr som inneheld dette stoffet, som er framstilt og merka før 10. september 2017 i samsvar med dei reglane som galdt før 10. september 2015, kan framleis bringast i omsetning og nyttast inntil dei eksisterande lagra er tømde.

*Artikkel 4*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel 20. august 2015.

*For Kommissjonen*  
Jean-Claude JUNCKER  
*President*

\_\_\_\_\_

VEDLEGG I

«VEDLEGG I

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						mg/kg fullfôr med eit vassinnhald på 12 %			
<b>Kategori: teknologiske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: surleiksregulerande middel.</b>									
lj514ii	—	Natriumbisulfat	<p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat: <math>\geq 95,2</math> %</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat CAS-nr. 7681-38-1</p> <p>NaHSO<sub>4</sub></p> <p>Na 19,15 %</p> <p>SO<sub>4</sub> 80,01 %</p> <p>Framstilt ved kjemisk syntese</p> <p><i>Analysemetode<sup>(1)</sup></i></p> <p>Fastsetjing av natriumhydrogensulfat i tilsetjingsstoff i fôrvarer: titrimetrisk metode basert på fastsetjing av det samla løyselege syreinnhaldet av natriumbisulfat i høve til ei standardløyning av natriumhydroksid.</p>	Kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon, bortsett frå katt og mink	—	—	4000	<p>1. Bruksrettleiinga for tilsetjingsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur, lagringstid og pelleteringsstabilitet.</p> <p>2. Tryggleikstiltak: pustevern, briller og hanskar skal nyttast under handsaminga.</p> <p>3. Det samla innhaldet av natriumbisulfat må ikkje overstige dei tillatne grenseverdi-ane i fullfôr som er fastsette for kvar relevante art</p>	8. mars 2022
				Katt			20000		
				Mink			10000		

<sup>(1)</sup> Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet: <https://ec.europa.eu/jrc/en/eurl/feed-additives/evaluation-reports>

VEDLEGG II

«VEDLEGG II

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						mg/kg fullfør med eit vassinnhald på 12 %			
<b>Kategori: sensoriske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: aromastoff.</b>									
lj514ii	—	Natriumbisulfat	<p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat: <math>\geq 95,2</math> %</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat CAS-nr. 7681-38-1</p> <p>NaHSO<sub>4</sub></p> <p>Na 19,15 %</p> <p>SO<sub>4</sub> 80,01 %</p> <p>Framstilt ved kjemisk syntese</p> <p><i>Analysemetode<sup>(1)</sup></i></p> <p>Fastsetjing av natriumhydrogensulfat i tilsetjingsstoff i fôrvarer: titrimetrisk metode basert på fastsetjing av det samla løyselege syreinnhaldet av natriumbisulfat i høve til ei standardløyning av natriumhydroksid.</p>	Kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon, bortsett frå katt og mink	—	—	4000	<ol style="list-style-type: none"> <li>Bruksrettleiinga for tilsetjingsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur, lagringstid og pellete-ringsstabilitet.</li> <li>Tryggleikstiltak: pustevern, briller og hanskar skal nyttast under handsaminga.</li> <li>Det samla innhaldet av natriumbisulfat må ikkje overstige dei tillatne grenseverdiane i fullfør som er fastsette for kvar relevante art.</li> </ol>	8. mars 2022
				Katt			20000		
				Mink			10000		

<sup>(1)</sup> Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet: <https://ec.europa.eu/jrc/en/eurl/feed-additives/evaluation-reports>